



Sunnfjord kommune

FRÅ FIRE TIL EIN


- Kva er den økonomiske situasjonen til kommunane?
- Kva må til for at budsjett 2020 kan lagast på likast mulig grunnlag?
- Kva føresetnadar bør vere like for budsjett 2019?

BUDSJETTGUIDE 2019

Innhald

Innleiing.....	3
Status i dag.....	4
Status Sunnfjord kommune.....	5
Status frå kommunane sine økonomiplanar i perioden 2018-2021	6
Økonomisk oversikt drift 2018-2021.....	8
Økonomisk oversikt drift 2018 – 2021 Sunnfjord kommune	9
Balanse 31.12.2017 for kommunane	11
Balanse 31.12.2017 for Sunnfjord kommunane	12
Føresetnadar for kommunane sine budsjett i 2019	13
Investering	15
Hovudoversikt investering	16
Kommunane sine hovudsatsingar innan investering 2018–2021	17
Finanskostnadar.....	18
Statistikk - driftsnivå på tenester	21
Framdriftsplan budsjettprosess 2019	23
Tilrådingar	24
Vedlegg:.....	24

Budsjettguide 2019 er første dokument på vegen til budsjett og økonomiplan for Sunnfjord kommune



Innleiing

Ein sterk økonomi er ein av føresetnadane for å kunne yte gode tenester og vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane. God økonomisk planlegging vil kunne bidra til dette. Kommunestyra i Førde, Naustdal, Gaular og Jølster vedtek budsjett for 2019, og tilhøyrande økonomiplan. For å få eit godt grunnlag for Sunnfjord kommune sitt første budsjett med økonomiplan har fellesnemnda bede om at kommunane nyttar like føresetnadar.

I budsjettguide 2019 vil du få eit innblikk i :

- den økonomiske situasjonen i kommunane i dag
- skuggebudsjett for Sunnfjord kommune
- utfordringar i den økonomiske planlegginga av Sunnfjord kommune
- tilrådingar for kommunane sine budsjett for 2019

Det vil bli laga ein tilsvarande budsjettguide for 2020.

31.01.2018 Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 003/18 Vedtak:

1. Fellesnemnda for Sunnfjord kommune tar årsbudsjetta og økonomiplanar for kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal til orientering.
2. Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med målsetjingane i intensjonsavtalen for den nye kommunen.
3. Fellesnemnda meiner at dei vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester, men er uroa over det økonomiske handlingsrommet i kommunane. Fellesnemnda vil oppmode kommunane å gjere nødvendige tiltak for å sikre at kommunane sine langsiktige driftsutgifter er betre tilpassa kommunane sine langsiktige driftsinntekter.
4. Fellesnemnda ber prosjektleiar utarbeide forslag til skuggebudsjett/-økonomiplan for Sunnfjord kommune for handsaming i fellesnemnda første halvår 2018.
5. Fellesnemnda vil be kommunane nytte felles og like føresetnadar i det økonomiskeplanarbeidet fram til ny kommune er etablert.

INTENSJONSAVTALE

Gaular, Naustdal, Førde og Jølster vedtok i juni 2015 ein intensjonsavtale for ny kommune i indre Sunnfjord.

Hovudmål:

Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane

Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Delmål:

Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst

Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen

Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering

Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

Status i dag

Budsjett 2018 og økonomiplanar 2018 – 2021 vart handsama i fellesnemnda 31. januar 2018. Prosjektleiar la då fram ei fråsegn til fylkesmannen. I denne var nokre sentrale nøkkeltal frå kommunane og for Sunnfjord kommune samla vurdert. Tabellane er presentert på dei neste sidene.

Netto driftsresultat

Førde kommune budsjetterer i tråd med råda frå Teknisk beregningsutvalg/ KS og Kommunaldepartementet om at budsjettert netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 %. Jølster og Naustdal har budsjettert med negativt driftsresultat i 2018. Prosjektleiaren meiner at kommunane i den vidare økonomiske planlegginga bør ha som mål å budsjettere med eit positivt netto driftsresultat på minimum 1,75 %. I budsjettet for 2019 vil dette utgjere 14,2 mill. kroner for Gaular, Jølster og Naustdal. Å nå målsettinga vil være utfordrande.

Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld legg beslag på handlingsrommet i driftsbudsjettet gjennom årleg rente og avdragskostnad. For kommunesektoren samla er langsiktig gjeld i % av driftsinntektene i overkant av 100 %. Det betyr at langsiktig gjeld utgjør om lag det same som årleg driftsinntekter. Investeringsbudsjetta i Jølster og Naustdal er ekspansive i dei to åra fram mot 2020. Det gjev grunn til uro at mykje av auken i lånegjelda i dei fire kommunane ikkje er knytt til kommunane sin kjerneaktivitet. I tillegg er investeringane i stor grad finansiert med lån og i liten grad med fonds- og driftsmidlar. Resultatet av låneopptaka gjer at alle kommunane vil ha ei høg lånegjeld målt i forhold til driftsinntektene.

Disposisjonsfond

Det er lite fondsmidlar i fleire av kommunane. Særleg i Gaular og Naustdal er reservane små. Disposisjonsfond består av oppsparte midlar som kan nyttast til å møte uføresette kostnader, eller til å finansiere investeringstiltak med andre midlar enn låneopptak. Disposisjonsfondet utgjør og ein buffer dersom kommunen skulle gå med underskot. Det bør setjast mål om nivå på disposisjonsfond for ny kommune. Prosjektleiar meiner samla nivå på disposisjonsfond er noko lågt og at kommunane i vidare økonomisk planlegging bør unngå å redusere disposisjonsfondet.

UTFORDRING

Ulikt budsjettgrunnlag

Oversiktene for 2018 er basert på ulike grunnlag – til dømes rentesats

Ulike malar for oversikter

Kommunane nyttar ulike malar for økonomiplan. Hovudoversikter for år 1 er lovfesta mal på, men for år 2, 3 og 4 er det opp til kommunane korleis ein utforme desse.

Ulike handlingsreglar

Kommunane har ulik praksis mellom anna når det kjem til avsetning til rentefond, lånegjeld i høve driftsinntekter og budsjett med positivt netto driftsresultat.


Ulikt nivå på oppsparte midlar

Samla nivå på disposisjonsfond er noko lågt

Status Sunnfjord kommune

Sunnfjord	R2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Brutto driftsinntekter	2 063 634	1 886 738	1 891 119	1 900 974	1 915 000
Netto driftsresultat	99 630	13 908	16 964	17 398	20 049
Langsiktig lånegjeld eks. pensjon	2 390 789	2 600 049	2 698 978	2 712 352	2 705 842
Disposisjonsfond	108 654	107 967	103 809	105 288	109 179
Nøkkeltal:					
Netto driftsresultat i % av dr.innt.	4,8 %	0,7 %	0,9 %	0,9 %	1,0 %
Langsiktig gjeld i % av dr.innt.	115,9 %	137,8 %	142,7 %	142,7 %	141,3 %
Disp.fond i % av br. driftsinnt.	5,3 %	5,7 %	5,5 %	5,5 %	5,7 %

Historiske tal: Netto driftsutgifter per innbyggjar



Dersom Sunnfjord kommune hadde vore ein kommune i perioden frå 2012 fram til i dag, ville utgiftene per innbyggjar vore langt høgare enn landet og samanliknbare kommunar på same storleik.

Brutto driftsinntekter


er summen av skatteinntekter, rammetilskot, øremerka tilskot og gebyr/sals- og leigeinntekter.

Netto driftsresultat


viser kor mykje som kan disponerast til avsetjing og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt.

UTFORDRING


Netto driftsresultat i % av driftsinnt.



Langsiktig gjeld i % av driftsinnt.



Disp.fond i % av brutto driftsinnt.



— Førde — Gaular
— Naustdal — Jølster

Status frå kommunane sine økonomiplanar i perioden 2018-2021

Førde	R2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Brutto driftsinntekter	1 209 637	1 079 913	1 079 139	1 084 094	1 093 320
Netto driftsresultat	91 887	19 452	20 160	19 583	19 822
Langsiktig lånegjeld eks. pensjon	1 450 540	1 474 685	1 481 925	1 460 543	1 460 543
Disposisjonsfond	81 882	81 132	80 632	80 132	79 632
Nøkkeltal:					
Netto driftsresultat i % av dr.innt.	7,6%	1,80 %	1,90 %	1,80 %	1,80 %
Langsiktig gjeld i % av dr.innt.	119,9%	136,60 %	137,30 %	134,70 %	133,60 %
Disp.fond i % av br. Driftsinnt.	6,8%	7,50 %	7,50 %	7,40 %	7,30 %

Førde kommune har dei siste åra praktisert ein handlingsregel som inneber at låneopptaket kvart år ikkje skal overstige avdragskostnadane. Langsiktig gjeld er derfor stabil og noko fallande i perioden. Det er budsjettert med lånerente på 2,9 % i 2018 aukande til 3,4 % i 2021.

Auke i brutto driftsinntekter i perioden gjer til at disposisjonsfondet i % er fallande.

Førde kommune har, 1. januar 2018, 81,1 mill. kroner i ubundne investeringsfond.

Gaular kommune si største usikkerheit i budsjettet for 2018 er innsparing /reduksjon av plassar ved Gaular alders og sjukeheim. Det er lagt opp til ein reduksjon på 5-6 plassar mot 11 i fjor.

Gaular kommune har eit lite disposisjonsfond. Låneutgiftene til Gaular er lågare per innbyggjar enn i dei andre kommunane. Det ligg inne forventa vekst i lånegjelda for åra fram til 2020/21.

Det er budsjettert med lånerente på 2, % i 2018 aukande til 3 % i 2020.

Gaular	R2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Brutto driftsinntekter	287 267	281 270	283 625	286 125	288 625
Netto driftsresultat	4 138	-995	-356	920	2 023
Langsiktig lånegjeld eks. pensjon	233 369	255 839	292 599	307 999	312 399
Disposisjonsfond	10 385	10 385	11 024	12 939	15 957
Nøkkeltal:					
Netto driftsresultat i % av dr.innt.	1,4%	-0,4 %	0,1 %	0,3 %	0,7 %
Langsiktig gjeld i % av dr.innt.	81,2%	91,0 %	103,2 %	107,6 %	108,2 %
Disp.fond i % av br. driftsinnt.	3,6%	3,7 %	3,9 %	4,5 %	5,5 %

Jølster	R2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Brutto driftsinntekter	303 657	271 445	271 445	271 445	271 445
Netto driftsresultat	-2 534	-3 169	-3 169	-3 169	-3 169
Langsiktig lånegjeld eks. pensjon	358 220	439 273	453 173	446 173	438 873
Disposisjonsfond	16 387	16 450	11 824	11 824	11 824
Nøkkeltal:					
Netto driftsresultat i % av dr.innt.	-0,8	-1,20 %	-1,20 %	-1,20 %	-1,20 %
Langsiktig gjeld i % av dr.innt.	118,0%	161,80 %	166,90 %	164,40 %	161,70 %
Disp.fond i % av br. Driftsinnt.	5,4%	6,10 %	4,40 %	4,40 %	4,40 %

Jølster kommune har budsjettert med lågt netto driftsresultat. Inntekter er fastsett i samsvar med KS sin prognosemodell. Driftsinntekter- og utgifter til kommunen er budsjettert flatt for planperioden.

Driftsutgiftene til kommunen er i utgangspunktet høgare enn inntektene dei komande åra. Det er vedteke ein innsparingsplan for å balansere dette.

Naustdal kommune har budsjettert med lågt netto driftsresultat. For perioden 2019 til 2021 er budsjettert med ei auke i inntektsvekst på 2,0 mill. kroner/per år. Anslaget er gjort med utgangspunkt i gjennomsnittleg folketalsutvikling dei siste 5 år. Det er ikkje lagt inn uspesifiserte innsparingskrav.

Lånegjelda er høg i økonomiplanperioden. Kommunen har budsjettert med lånerente på 2,5% flatt mot 2021. Ein høg andel av eksisterande lån er bunde opp på fastrenteavtalar.

Naustdal	R2017	B2018	B2019	B2020	B2021
Brutto driftsinntekter	263 073	254 110	256 910	259 310	261 610
Netto driftsresultat	6 139	-1 380	329	64	1 373
Langsiktig lånegjeld eks. pensjon	348 660	421 452	452 581	468 037	452 927
Disposisjonsfond		-	329	393	1 766
Nøkkeltal:					
Netto driftsresultat i % av dr.innt.	2,3%	-0,50 %	0,10 %	0,00 %	0,50 %
Langsiktig gjeld i % av dr.innt.	132,5%	165,90 %	176,20 %	180,50 %	173,10 %
Disp.fond i % av br. driftsinnt.		0,00 %	0,10 %	0,20 %	0,70 %

Økonomisk oversikt drift 2018-2021

Korleis få oversikt over økonomien i den nye kommunen?

I økonomisk oversikt for Sunnfjord kommune 2018-2021 har vi summert oversiktene til dei fire kommunane. Dette er eit utgangspunkt for å få eit bilde av økonomien i Sunnfjord kommune. Særlig for driftsinntekter ser vi at det nokre områder som ikkje gjev rett bilde av den nye kommunen. Tabellen på neste side er markert med raudt, gult og grønt. Dette er indikasjonar på kva områder som let eg summere og kva som ikkje gjere det.

Utfordringar knytt til rammetilskotet

Rammetilskotet utgjere den største inntekta, men er også den det er knytt størst usikkerhet til. Kommunane har lagt til grunn noko høgare frie inntekter enn det KS har kome fram til i sin tabell for 2018. KS har utvikla ein prognosemodell som bereknar dei sannsynlege frie inntekter for ny kommune. Det er fleire usikre element, men totalen i modellen viser ein reduksjon på 22 mill. kroner i frie inntekter om Sunnfjord kommune hadde vore ein kommune i 2018 (sjå vedlegg 1).

Gir driftsutgiftene rett bilete av ny kommune?

Vi ser at driftsutgiftene til Sunnfjord kommune ligg over landet om den hadde vore ein kommunen i dag. I framskrivingane fram mot 2021 er driftsutgiftene planlagt lågare enn i 2017. Vi har vurdert nivået på driftsutgifter som realistiske, ut i frå dagens tenesteproduksjon. Arbeidet som blir gjort i ulike prosjektgrupper på tenestestruktur og -standard vil gje svar på om framtidig utgiftsnivå kan samanliknast med dagens utgiftsnivå.

Ulike satsar for brukarbetaling / ulikt nivå på eigedomsskatt

Kommunane har i dag ulike satsar på brukarbetaling. Andre prosjektgrupper, innan oppvekst, helse og sjølvkost/VAR arbeider med å finne nye satsar som er like frå 2020. Kommunane har ulikt nivå på eigedomsskatt i dag. Kommunen har søkt om dispensasjon for differensiering av nivå på eigedomsskatt fram til 2022. Det er oppretta eit eige prosjekt som vil arbeid med retaksering. Nivå på nye satsar vert vedteke i ny kommune.

Overføringar mellom dei fire kommunane

Kommunane kjøper i dag tenester med kvarandre. Desse overføringane vil endre seg når vi vert ein kommunen. Det er uklart i dag kva påverknad dette får på driftsinntektene. Ein kan vente at dei samla inntektene frå overføringane vil falle noko, dersom ein legg til grunn at kommunane har ei fortjeneste for sal av tenester.

UTFORDRING

Rammetilskot

Sunnfjord kommune får lågare rammetilskot enn dei fire kommunane hadde kvar for seg.

Driftsutgifter

Høgare driftsutgifter i Sunnfjord kommune enn landet og samanliknbare kommunar.

Brukarbetaling

Ulike satsar i dag. Like satsar frå 2020.

Eigedomsskatt

Ulikt nivå i dag. Likt nivå seinast 2022.

Overføringar mellom dei fire kommunane

Uklart kva påverknad desse har på driftsinntektene.

Finanskostnader

og avdrag. Finansinntekter og -utgifter vil vi sjå nærmare på ei eige kapittel for finanskostnader.

Alle kommunane har aukande utgifter knytt til særleg rente

Økonomisk oversikt drift 2018 – 2021 Sunnfjord kommune

	R2017	B2018	B2019	B2020	B2021
DRIFTSINTEKTER					
Brukerbetalinger	68 238 973	71 029 515	71 029 515	71 029 515	71 029 515
Andre salgs- og leieinntekter	181 642 982	185 107 312	185 107 312	185 107 312	185 107 312
Overføringer med krav til motytelse	305 686 164	173 527 300	173 527 300	173 527 300	173 527 300
Rammetilskudd	679 214 006	693 071 000	701 647 000	704 560 000	712 710 000
Andre statlige overføringer	161 114 590	87 016 937	87 016 937	87 016 937	87 016 937
Andre overføringer	10 948 480	6 341 082	6 341 082	6 341 082	6 341 082
Skatt på inntekt og formue	586 239 366	603 053 700	608 509 700	613 965 700	618 422 700
Eiendomsskatt	64 615 103	67 431 000	66 246 000	67 732 000	69 151 000
Andre direkte og indirekte skatter	5 934 006	362 000	362 000	362 000	362 000
Sum driftsinntekter	2 063 633 670	1 886 939 846	1 899 786 846	1 909 641 846	1 923 667 846
DRIFTSUTGIFTER					
Sum driftsutgifter	1 979 318 177	1 760 444 608	1 760 515 708	1 767 324 708	1 773 321 708
Brutto driftsresultat	84 315 493	126 495 238	139 271 138	142 317 138	150 346 138
<i>Finansinntekter</i>					
Sum eksterne finansinntekter	30 646 041	26 736 000	26 587 000	26 745 000	27 437 000
Sum eksterne finansutgifter	116 768 366	139 322 200	150 403 700	155 521 100	161 237 100
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-86 122 325	-88 076 200	-123 816 700	-128 776 100	-133 800 100
Netto driftsresultat	99 629 301	13 908 038	15 454 438	13 541 038	16 546 038
<i>Interne finanstransaksjoner</i>					
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	48 680 273	-	-3 332 362	-4 979 962	-3 283 962



Høg risiko knytt til summering av tal



Middels risiko knytt til summeringa av tal



Låg risiko knytt til summering av tal

Sjå vedlegg 2 for økonomisk oversikt drift for kvar av dei fire kommunane

UTFORDRING

Balanse 31. desember 2017 for kommunane

Kva er balanse og korleis er denne berekna for Sunnfjord kommune?

Balansen er ei oversikt over kommunen sin økonomiske situasjon på eit tidspunkt. Alle eiendelar vert sett opp på ei side, med gjeldspostar og eigenkapital som motpostar på den andre sida. Ein har summert balansen for dei fire kommunane, siste avslutta rekneskapsår. Resultatet er ein balanse for Sunnfjord kommune per 31. desember 2017.

Kortsiktig- og langsiktig gjeld

Det er vanskeleg å berekne kva nivået på den kortsiktige gjelda vil vere ved inngangen av 2020. Kommunane bør ha som mål å betale ned all kortsiktig gjeld før årsskifte 2020. Avtalar knytt til langsiktig gjeld bør refinansierast. Dette bør ein gjere i god tid før samanslåing.

Aksjar, obligasjonar og andre verdipapir

Ein må sjå på korleis ein formelt kan overføre beholdningane til ny kommune.

Premieavvik, pensjonsmidlar og pensjonsforpliktelsar

Kommunane må kvalitetssikre saldo på premieavvik med den enkelte pensjonskasse. For KLP står dette på årsoppgåva. Får SPK må kommunen få oppgeve tala. Der må vidare avklarast korleis overføre pensjonsmidlane/forpliktingane til ny kommune.

Kortsiktige fordringar

Det må avklarast korleis ein overfører dette til ny kommune. Dette gjelder private, firma og offentlege instansar.

IKS

Kommunane er del i fleire interkommunale selskap og samarbeid. Det må avklarast korleis skal ein avslutte interkommunale selskap og samarbeid der det er aktuelt.

Verdiar på anleggsmiddlar

Registrerte verdiar på anleggsmiddel må kvalitetssikrast. Det må avklarast korleis kvalitetssikre registrerte verdiar på hus, institusjonar, bilar etc. Dette må så overførast til Sunnfjord kommune. Bilar må også omregistrerast til Sunnfjord kommune. Det same gjelder leasingkontrakter og husleigeavtalar.

Kortsiktig gjeld

Vanskelig å seie noko om nivået

Langsiktig gjeld

Må refinansiere

Aksjar/obligasjonar

Overføre beholdning til ny kommune

Premieavvik/pensjonsmidlar

Overføre pensjonsforpliktingar

Kortsiktige fordringar

Overføre fordringar

Interkommunale selskap (IKS)

Avslutte selskap

Anleggsmiddlar

Registrere verdiar og overføre

Balanse 31.12.2017 for Sunnfjord kommunane

EIENDELER	
Anleggsmidler	5 079 363 690
Herav:	
Faste eiendommer og anlegg	2 888 738 290
Utstyr, maskiner og transportmidler	70 034 540
Utlån	228 183 040
Konserninterne langsiktige fordringer	-
Aksjer og andeler	135 856 795
Pensjonsmidler	1 756 551 025
Omløpsmidler	856 046 224
Herav:	
Kortsiktige fordringer	150 009 864
Konserninterne kortsiktige fordringer	-
Premieavvik	35 942 232
Aksjer og andeler	-
Sertifikater	-
Obligasjoner	161 197 991
Derivater	-
Kasse, postgiro, bankinnskudd	508 896 137
SUM EIENDELER	5 935 409 914

MEMORIAKONTI	
Ubrukte lånemidler	209 857 015
Ubrukte konserninterne lånemidler	
Andre memoriakonti	2 012 621
Motkonto lånemidler	-209 857 015
Motkonto sjølvkost	-2 012 621

EGENKAPITAL OG GJELD	
Egenkapital	-1 110 025 394
Herav:	
Disposisjonsfond	-113 382 014
Bundne driftsfond	-120 585 101
Ubundne investeringsfond	-76 969 271
Bundne investeringsfond	-83 707 857
Regnskapsmessig mindreforbruk	-48 680 273
Regnskapsmessig merforbruk	-
Udisponert i inv.regnskap	
Udekket i inv.regnskap	31 731 709
Kapitalkonto	-696 205 504
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	-2 227 083
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inves)	-
Langsiktig gjeld	-4 594 296 377
Herav:	
Pensjonsforpliktelser	-2 154 757 443
Ihendehaverobligasjonslån	-
Justeringsgjeld private utbyggarar	-4 567 577
Sertifikatlån	-
Andre lån	-2 434 971 357
Konsernintern langsiktig gjeld	-
Kortsiktig gjeld	-231 082 071
Herav:	
Kassekredittlån	28 756 044
Annen kortsiktig gjeld	-271 458 285
Derivater	-
Konsernintern kortsiktig gjeld	-
Premieavvik	11 620 170
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-5 935 409 914

Opgåver som kommunane kan ta til med no for å gjere overgangen til ny kommune ryddigare:

- Rydde i kortsiktig gjeld og kortsiktige fordringar.
- Starte arbeidet med å sjå på anleggsregisteret. Er anlegga rett verdsatt? Er dei plassert i rett anleggsgruppe?

Sjå vedlegg 3 for detaljar i balansen.

Føresetnadar for kommunane sine budsjett i 2019

VISMA – økonomiplan

Budsjett vert laga i økonomisystemet, Visma. Visma har funksjonalitet for å lage økonomiplan. Om kommunane tek i bruk dette for komande periode, vil vi ha eit likare talmateriale for budsjett 2020.

PRIORITERINGS- OG SALDERINGSTILTAK

Kommunane har ulike vedtak på tiltak i økonomiplanane. Visma har ein funksjonalitet for tiltaksregistrering. Dersom kommunane tek i bruk denne funksjonen i komande periode, vil vi ha betre oversikt over alle tiltak som må innarbeidast i økonomiplan for 2020-2023

PRISVEKST

Kommunane legg til grunn ein prisvekst på 2,1 % med bakgrunn i prognose frå KS sin analyse av august 2018.

EIGENBETALING, SALSINNTKTER OG OVERFØRINGAR

Det vil vere ein fordel å ha likt grunnlag på auke i gebyr, eigarbetalingar, avgifter og andre inntekter. Vi anbefalar 2,8 % . Vi legg til grunn lønnsveksten er vekta med 65% og prisveksten 35%.

BUDSJETTRENTE

Vi anbefalar at kommunane legg til grunn ei budsjettrente på minimum 2,5 % dei to første åra med ei auke til 3 % dei neste åra. Bakgrunn for dette er m.a. utviklinga i NIBOR3M til Kommunalbanken, inkludert ein margin. Sjå side 19. Samt høve til å opprette eit rentefond ved for mykje avsett rente som ei sikring.

LØNNSVEKST

Kommunane legg til grunn ein lønnsvekst på 3,25 % med bakgrunn i oppgjeret mellom NHO, LO og YS og ppgjeret mellom KS og hovudsamanslutningane i kommunane.

STILLINGAR

Sjekke stillingsheimlar, at alle tilsette ligg med rett ansiennitet og har rett kompetansetillegg. Dette er årlege sjekkpunkt for alle kommunane. Ekstra viktig å ha rydda i dette slik at ein ikkje tek med seg feil over i ny kommune.

PROGNOSEMODELL

Kommunane nyttar KS sin prognosemodell for å berekne tilskot frå staten. Bruke denne likt ved å framskrive folketalsutvikling basert på moderat framskriving frå SSB. Eigen prognosemodell for Sunnfjord kommune.

HANDLINGSREGLAR

Unngå at låneopptaket kvart år ikkje overstig avdragskostnadane.
Følgje råda frå Teknisk beregningsutvalg/ KS og Kommunal-departementet om at budsjettert netto driftsresultat skal vere minimum 1,75%

RENTEFOND

Kommunane har høg lånegjeld og store investeringar i økonomiplanane. Lånerenta er historisk låg. Ei renteauke på 1,0 % vil for den samla portefølgja, pr 01. april 2018, medføre auke årlege finanskostandar på om lag 8,3 mill. kroner. Vi anbefalar derfor at differansen på mellom budsjettert rente og faktisk rente vert sett av på rentefond / disposisjonsfond.

SJØLVKOST

Kommunane nyttar ikkje same verktøy for bereking av sjølvkost i dag og opperar med ulike satsar. Det bør vurderast om det skal skje ei gradvis justering for 2019 eller om endringa kjem for fult i 2020. Det er etablert eit eige prosjekt på sjølvkost.

EIGEDOMSSKATT

Kommunane har ulike satsar i dag. Det er etablert eit eige prosjekt som vil arbeide med eigedomsskatt. Sunnfjord kommune har fått aksept på ei overgangsordning med frist på retaksering i 2021.

Investering Sunnfjord kommune

Utvikling i gjeldsgrad

I økonomiplanane til kommunane er det lagt opp til investeringar på om lag 594 mill. kroner. Investeringane er i hovudsak knytt til kommunale føremål, men er også investeringar som ikkje inngår i kommunen si kjerneverksemd. Ein legg opp til stor grad av lånefinansiering og i liten grad bruk av fonds- og driftsmidlar. Ein auke i gjeldsgraden vil legge beslag på det økonomiske handlingsrommet i lang tid framover.

Utviklinga i den langsiktige gjelda har gjeve ein vesentleg auke i lånegjelda per innbyggjar. Netto lånegjeld for Sunnfjord kommune er i 2017 på 91 128 kr per innbyggjar. Dette er over landet og Kostra-grupper vi kan samanlikne oss med. For enkelte kommunar er auken i lånegjelda nær dobla sidan 2011.

Investeringar og tenestestruktur

Ein har investert mykje, særleg innan skule, barnehage og idrett. Gjennom økonomiplanane signaliserer politikarane at dei ønskjer å fortsette arbeidet. Enkelte vil hevde at dei investeringane som er gjennomført, og som ein ser føre seg, vil redusere det framtidige investeringsbehovet i Sunnfjord kommune. Nokre vil begrunne investeringane med at ein har hatt eit vedlikehaldsetterlep. Utfordringa knyttar seg til at dei prioriteringane som kommunane gjer, og har gjort kvar seg, som legg føringar for tenestestrukturen i den nye kommunen.

UTFORDRING

Gjeldsgrad 2017

Netto lånegjeld for Sunnfjord kommune er i 2017 på 91 128 kr per innbyggjar. Dette er over landet (61 800) og KOSTRA-gruppe vi kan samanlikne oss med (72 400).

Redusert handlingsrom

Investeringane er i stor grad finansiert med lån og i liten grad av driftsmidlar. Dette gjer beslag på framtidige ressursar og er med å begrenser det økonomiske handlingsrommet.

Investeringar og tenestetilbod

Prioriteringar som kvar kommune gjer, legg føringar for tenestestrukturen i Sunnfjord kommune.

Hovudoversikt investering for 2018 – 2021 Sunnfjord kommune

	R2017	B2018	B2019	B2020	B2021
INNTEKTER					
Sum inntekter	127 949 014	96 415 750	61 085 750	40 073 250	16 689 250
UTGIFTER					
Sum utgifter	229 655 467	367 484 750	243 723 750	176 321 250	122 937 250
<i>Finansransaksjoner</i>					
Sum finansieringstransaksjoner	195 474 079	26 710 000	-	-	-
Finansieringsbehov	297 180 533	297 779 000	182 638 000	136 248 000	106 248 000
<i>Dekket slik:</i>	-				
Bruk av lån	202 767 845	237 926 000	159 935 000	113 545 000	83 545 000
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	16 506 673	-	-	-	-
Overført fra driftsregnskapet	1 153 961	-	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	14 717 297	32 543 000	20 203 000	20 203 000	20 203 000
Bruk av bundne driftsfond	21 622 740	3 710 000	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	9 800 706	23 600 000	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Sum finansiering	266 569 223	297 779 000	182 638 000	136 248 000	106 248 000
Udekket/udisponert	-30 611 310	-	-	-	-

Sjå vedlegg 4 for økonomisk oversikt investering for kvar av dei fire kommunane 2017-2022

Kommunane sine hovudsatsingar innan investering 2018–2021

Jølster

SATSING

- Utbygging skule, Vassenden
- Fleirbrukshall, Vassenden
- Fotballhall, Skei
- Næringsområde, Moskog

UTFORDRING

- Høgt låneopptak

Naustdal

SATSING

- Friskhus
- Omsorgsbustadar

UTFORDRING

- Har høg lånegjeld

Gaular

SATSING

- IKT skule og barnehage
- Sentrumsutvikling Sande
- Hall i Bygstad

UTFORDRING

- Nok ressursar i administrasjonen til gjennomføring

Førde

SATSING

- Førdepakken
- Sunde skule
- Ny kulturskule

UTFORDRING

- Prioritering innanfor handlingsregel om å ikkje auke gjelda
- Årleg bidrag til Førdepakken på 28 mill kr i 6 år frå 2018

UTFORDRING

Finanskostnader

Finanskostnader er i hovudsak renter og avdrag, og har dermed direkte samanheng med kommunen si samla lånegjeld. Sunnfjord kommune har per i dag 2,4 milliardar kroner i lån. I tillegg har ein lagt opp til investeringar fram mot 2021 på meir enn 594 mill kroner. Av dette vert 577 mill. kroner finansiert med nye låneopptak.

Samanhengen mellom renter og finanskostnader

Med ei høg gjeldsgrad vil sjølv små endringar i rentenivået gje store utslag. Ein kan illustrere dette ved å utgangspunkt i dagens lån og planlagte investeringar fram mot 2021.

- Dagens rentenivå (1,825 %), vil gi årlege rentekostnader på om lag 48,4 mill.kr. i 2022.
- Kommunalbanken (KBN) si rentebane (2,829 %), vil gi årlege rentekostnader på om lag 70,0 mill.kr i 2022.
- Ei auke i renta på 1 prosentpoeng *utover* KBN si rentebane (3,829 %), vil gi årlege rentekostnaden på 90,8 mill.kr i 2022.

Aukande avdragskostnader

Kommunane betalar avdrag etter minste avdragsprinsippet. Det er difor vanskeleg å samanlikne kommunens faktiske avdragskostnader med nedbetalingsplanen bankane legg opp til. Samla sett, ser ein likevel at avdragskostnadane er stabile, men jamnt aukande utover i perioden. Sjå vedlegg 5.

Handlingsregel for låneopptak

Førde kommune har dei siste åra praktisert ein handlingsregel for låneopptak. Regelen seier at det årlege låneopptaket ikkje skal overstige avdragskostnadane. Langsiktig gjeld i kommunen er derfor stabil og noko fallande i økonomiplanperioden.

Konsekvens av finanskostnader

Finanskostnader vert i hovudsak finansiert gjennom frie inntekter, men disposisjonsfond (t.d. rentefond) kan også nyttast. Som nemnt tidlegare er nivået på disposisjonsfond ulikt i kommunane. Ein konsekvens av auka finanskostnader kan difor vere å redusere drifta eller fjerne tenester som kommunen tilbyr.

Gjeldsgrad

Gjeldsgrada er høg og aukande i perioden.

Risiko knytt til renteendring

Ei endring på 1,0 % vil, for den samla portefølgja, per 01. april 2018, gi ei auke i årlege finanskostandar med om lag 8,3 mill. kroner.


Realistisk føresetnader?

Har ein vurdert dei framtidige inntektene realistisk? Bortfall av framtidige inntekter utgjør ein betydeleg risiko. Dette vil det arbeidast vidare med.

Diagrammet til høgre er basert på ei renteanalyse som er gjort i KBN Finans, på den samla låneporteføljen til Sunnfjord kommune, inkludert framtidige låneopptak.

Den samla låneportefølja er i hovudsak fordelt mellom lån med bunden- eller flytande rente. Ei renteendring vil difor ikkje påvirke heile portefølja. Dette er tatt høgde for i analysa.


KBN si rentebane er vår beste spådom om det framtidige rentenivået. Det er denne rentebana som ligg til grunn i analysa.



Periode	Totale rentekostnader	Rentekostnader på løpende lån	Rentekostnad på simulerte lån
2018	44 699 545	43 829 260	870 285
2019	53 760 808	48 388 952	5 371 856
2020	60 559 733	50 894 348	9 665 385
2021	65 976 022	53 599 879	12 376 143
2022	69 290 871	55 364 649	13 926 222

Utviklinga i lånegjeld og rentenivå vil kunne gi ei vesentleg auke i finanskostnader, som igjen legg beslag på det økonomiske handlingsrommet. Dette utgjør ein risiko.

Figur 1.1a Styringsrenten med usikkerhetsvifte¹⁾. Prosent.
1. kv. 2012 – 4. kv. 2021²⁾



1) Usikkerhetsviften er basert på historiske erfaringer og stokastiske simuleringer fra vår makroøkonomiske hovedmodell, NEMO. Den tar ikke hensyn til at det eksisterer en nedre grense for renten.

2) Anslag for 1. kv. 2018 – 4. kv. 2021.

Kilde: Norges Bank


Norges Bank har signalisert at styringsrenta vil gå opp fram mot 2022 (figur til venstre). Bankane legg dette til grunn for sine vurderingar av framtidige utlånsrenter.

KBN si vurdering av framtidige utlånsrentene er vist i figuren under. NIBOR3M-renta er nesten 1,0 % høgare i 2022, enn dagens nivå.

Vår anbefalte budsjettrente frå 2019 er 2,5 % . Dette er KBN si gjennomsnittlege rente dei neste 12 månadane på 1,92 %, pluss ein rentemargin på 0,58 % dei to første åra. Vi foreslår auke til 3 % budsjettrente dei neste to åra med baggrunn i den implisitte rentekurven til KBN (sjå figur under). Kommunane har omlag 1/3 av porteføljen i fastrenter. Dette er med på å auke den gjennomsnittlige renta gjennom året.

Dei årlege rentekostnadane kan auke med om lag 24,5 mill. kroner i 2022. Då har ein ikkje tatt høgde for eventuell auke i renta utover rentebana.

Dette med utgangspunkt i KBN si rentekurve, låneporteføljen til alle fire kommunar, framtidige investeringsplanar og fordelinga mellom flytande- og bunden rente.




UTFORDRING

Statistikk - driftsnivå på tenester

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gjev styringsinformasjon om ressursinnsats, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Kommunane vert delt inn i ulike grupper som ein kan samalikne seg med. Sunnfjord kommune er lagt i KOSTRA gruppe 8. Du ser her nokre oversikter som syner nivået i Sunnfjord i høve til KOSTRA gruppe 8 og Norge. *Din statistikk* har utarbeida ei samling av tabellar, sjå vedlegg 6.

Folketall, 2000 til 2040



Tal innbyggjarar og samansetjinga av ulike aldersgrupper fortel oss kva tenester det vil vere behov for, og nivået på desse. Dette er såleis ein god indikator å planlegge tenester ut i frå.

Folketalsendringar siste året var på 0,4 % i Sunnfjord kommune og 0,7 % i landet.

Befolkningsframskrivinga syner at Sunnfjord kommune i løpet av dei neste ti åra vil ha ein vekst på 6,9 % frå 2018 til 2028. For Norge vert veksten 10,0 %.

Befolkningsgruppa 67 år og eldre er den gruppa som aukar mest i åra som kjem. Medan tal innbyggjarar i dei andre aldersgruppene held seg meir jamt. Å tilpasse tenestene ut i frå denne endringa er ein av dei store oppgåvene for kommunen framover.

Samanlikningsgrunnlag

Sunnfjord kommune vert samanlikna med KOSTRA gruppe 8, altså faktiske kommunar. Profilen på ein kommune og summen av fire er ikkje nødvendigvis direkte samanlinknbare.

Talgrunnlag



KOSTRA sine rapportar er basert på dei rekneskapstala som kommunane rapporterar inn. Kvaliteten på kommunane sine posteringar er derfor avgjerande for kvaliteten i statistikken.

Ulik organisering av tenester



Kommunane organiserer tenestene sine ulikt. KOSTRA bygger statistikk direkte på rekneskapsmessig postering på tenester. Organisering kjem ikkje fram.

Historisketal

Endringstakta i samfunnet er stor. Statistikkane i KOSTRA er basert på historie.



Sunnfjord kommune har høgare driftsutgifter per innbyggjar innan barnehage, grunnskule og kommunehelseteneste. Innan Pleie og omsorg ligg Sunnfjord kommune høgare enn kommunar vi kan samanlikne oss med i KOSTRA gruppe 8, men noko under landet. Tala legg til grunn at Sunnfjord kommune er ein kommune i perioden 2012 – 2017. I realiteten er det summen av fire som blir samanlikna med faktiske kommunar. Statistikken er basert på historiske tal og gjev ikkje nødvendigvis eit bilde på Sunnfjord kommune frå 2020.



Framdriftsplan budsjettprosess 2019

OPPGÅVE	INNHOLD	ANSVAR/VEDTAK	DATO
Budsjett-guide 2019	*Skildre nosituasjonen til Sunnfjord k. *Føresetnadar for budsjett 2019 med planperiode	Informasjon kommunestyra Vedtak fellesnemnda	April 18 Mai 18
Føresetnadar	Økonomiske føresetnadar for budsjett 2019	Vedktak kommunestyra	Juni 18
Budsjettprosess	Plan for budsjett og økonoimplan arbeid	Rådmann med leiargruppe	Juni 18
Budsjetttrundskriv	*Plan for budsjett og øk.plan arbeid *Føresetnadar	Rådmann sende til leiarar	Juni/ aug18
Lønnslistar	Lønnslista for august vert lagt til grunn	Lønn	Sept 18
Informasjonsmøter	*Informasjon om budsjett- og planarbeid *Opplæring tiltaksbudsjettering og økonomiplan i Visma	Rådmann og økonomi	Aug/ sept18
Første budsjettversjon	*Klar i Visma *Utarbeide og levere	Økonomi Rådmann m/leiarar	Aug 18 Sept 18
Andre budsjettversjon	*Klar i Visma * Oppdatere og levere	Økonomi Rådmann m/leiarar	Sept 18 Okt 18
Program/handlingsplan	Skildring av tenestene på einingsnivå/ sektornivå	Rådmann m/leiarar	Okt 18
Drøfting og høyring	Budsjett og økonomiplan vert drøfta og sendt på høyring	Råd, utval, tillitsvalde Offentleg høyring Formannskap Kommunestyre	Nov / des18
Vedtak	Budsjett og økonomiplan vert vedteke	Kommunestyra	Des 18

UTFORDRING

Økonomiske førestandar

Vedtak i kommunestyra på så like føresetnadar som mulig

Budsjettprosess

Lik tidsplan på budsjettarbeidet i dei fire kommunane

Økonomiplan politisk vedtak

Ulikt vedtakstidspunkt på økonomiplan. Jølster og Førde vedtek økonomiplan i juni. Gaular og Naustdal i desember.

Grunna lik prosess i Visma med detaljbudsettering i økonomiplanperioden vil Jølster og Førde utarbeide ein konsekvensjustert økonomiplan til politisk handsaming i desember.

Nye modular i Visma

Vil ta i bruk nye modular i Visma. Dette krev opplæring og oppfølging av leiarar.

Tilrådingar

1. Budsjettrente for:
2019 – 2,5 % 2021 – 3,0 %
2020 – 2,5 % 2022 – 3,0 %
2. Prisvekst vert sett til 2,1%
3. Lønnsvekst vert sett til 3,25 %
4. Deflator på inntekter vert sett til 2,8%
5. Netto driftsresultat på min. 1,75%
6. Rentefond/ disposisjonsfond -sett av minimum differansen mellom budsjettrente og faktisk betalt rente
7. Unngå at låneopptak kvart år ikkje overstig avdragskostnadane

Vedlegg

1. Prognosemodell frå KS for Sunnfjord kommune
2. Hovudoversikt drift kommunevis 2017-2021
3. Balanse detaljert oversikt Sunnfjord kommune
4. Hovudoversikt investering kommunevis 2017 -2021
5. Oversikt over avdragskostnadar for kommunane
6. KOSTRA statistikk frå Din statistikk

MOGLEGHEIT

Godt grunnlag for budsjett 2020

Ved å ha like førestnadar og nytte same malar for budsjett og økonomiplan vil vi kunne lage eit skuggebudsjett for 2019 som gjev eit godt utgangspunkt for budsjettarbeidet 2020.

Sterk økonomi i ny kommune

Ved å budsjettere med eit positivt netto driftsresultat og opprette rentefond vil den nye kommunen stå sterkare økonomisk.

Samkøyrte organisasjon

Å ta i bruk bruk teknologi vi har tilgjengelig og ha like budsjettprosessar alt i 2019 vil kommunane vere samkøyrte på dette arbeidet alt innan ny kommune. Første driftsår som vil innehalde mykje nytt for einingane vil ikkje møte så mykje nytt i budsjettarbeidet.